



**RIGGAR KLIMASEMINAR:** Desse tre representerer arrangøren bak det store dagsseminaret om klima ved Campus i Sogndal torsdag, frå venstre Carlo Aall, professor ved Vestlandforskning, Kristin Linnerud, seniorforskar ved CICERO og John Brekke, dagleg leiar ved Norsk Bremuseum og Ulltveit-Moe senter for klimaviten.

## – Ope for politikarar

**LEIKANGER:** Klimatvilen pregar stadig fleire og politikarar styrer helst unna.

Slik er stoda i klimadebatten. Og slik er utgangspunktet for dagsseminaret på Campus torsdag.

Arrangøren spør: Kva er gale med klimadebatten?

### Klimaforskning

Men eit dagsseminar rømer mykje. Vestlandforskning, Norsk Bremuseum og CICERO (Senter for klimaforskning), som står bak seminaret, byr på dei fremste i landet innan klimaforskning.

Såleis er professor Helge Drange frå Universitetet i Bergen på plass i Sogndal. Opninga tek ein annan profilert professor seg av, glasiologen Olav Orheim frå Fjærland.

### – Abstrakte greier

– Folk opplever klimadebatten som ganske abstrakt, trur Kristin Linnerud, forskar ved CICERO, og ynskjer seg eit meir praktisk ordsifte, at debatten hadde ei innretning folk opplevde som meir nært på kvardagen sin.

CICERO-forskaren har von om å sjå mange tilhøyrarar i Trollsalen på Campus torsdag.

– Dette er toppfolk, seier ho, og held fram dagsseminaret som eit godt høve til å oppdatera seg på klimatrugsmålet.

Første halvdel av seminaret formidlar siste nytt på dette området. Her får ein høyra om breane veks eller skrumpar etter denne vinteren, og mykje meir.

### Handling

Siste halvdel av seminaret skal fokusera på det som er nemnt innleiingvis. Korleis dra fleire med i klimadebatten, og korleis formidla dei ulike sidene ved vår tids store spørsmål, klimaendringane.

Carlo Aall, professor ved Vestlandforskning, er resultatorientert. Han meiner eitt spørsmål ruvar over alle andre: – Korleis få utløyst handling?

### Modninga

John Brekke, dagleg leiar ved Norsk Bremuseum, som også husar Ulltveit-Moe sitt senter for klimaviten, trur politisk modning er eit vilkår for ny rørsle i klimadebatten.

– Tiltak må vera politisk

akseptable, her ligg nøkkelen til handling, trur han, og minner om røykeloven.

### – Eit stort spenn

Alle tre ser fram til å treffa mange klimatvilarar på campusseminaret. Dei finst over alt, på alle nivå. Dei er ikkje minst politikarar, ei sjikt som ikkje nett står i fremste rekkje når det gjeld å ta inn og formidla vidare klimaproblema sine mange sider.

Kristin Linnerud trur folk flest opplever dei meir eksponerte i klimadebatten som moraliserande og overdrivande. Dagsseminaret i Sogndal er ein freistnad på å balansera ut dette.

– Det er eit stort spenn her, det kan bli eit interessant seminar, seier ho.

### – Har abdisert

– Fleire bør ta eit steg inn på den arenaen som heiter formidling, seier Carlo Aall.

Han synest politikarar er ei gruppe som burde ha stukke hovudet litt lengre fram i klimadebatten.

– Men dei har abdisert, sukker VF-professoren.

Terje Eggum  
terje.eggum@sognavis.no